



Arne Solhaug
St. Olavsgate 42
3112 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2196 - 14/8689

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
19.08.2014

Byggesak Gbnr 64/19 Haugstad - tilbygg fritidsbustad - ansvarsrettar - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 179/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Haugstad 62**
Tiltakshavar : Arne Solhaug
Ansvarleg søker : Arkitekt Mette Kyed Thorson
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Det er i sak 376/13 datert 28.11.2013 godkjent løyve til tilbygg på fritidsbustad på gnr. 64 bnr.19 Haugstad. I sak 178/2014 datert 19.08.2014 er det godkjent utsleppsløyve etter forureiningslova § 11.

Etablering av privat reinseanlegg krev noko sprengingsarbeid og det vert derfor søkt om ansvarsrett for grunnarbeid og for rørleggjararbeida i denne søknaden.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definer som område for fritidsbustader.

Uttalekrav frå annan styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå annan styresmakt.

Dispensasjon

Godkjenning av tiltaket synast ikkje å krevje dispensasjonar

Nabovarsel

Søknaden er ikkje nabovarsla i samsvar med Pbl. § 21-3. Ansvarleg søker har søkt om fritak for nabovarsling, grunngjeve med at tiltaket allereie er nabovarsla i samband med søknad om oppføring av tilbygg til fritidsbustad. Byggesaksmynde i Radøy kommune vurderer at nabovarsling gjeve i sak 376/13, datert 28.11.2014 er tilstrekkelege nabovarsling og at det kan vert gjeve fritak for nabovarsling for søknad om ansvarsrettar i denne særskilte saka.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 12.05.2014.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Arkitekt Mette Kyed Thorson** org.nr. 987 788 682, har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK).

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for SØK.

Føretaket **Arkitekt Mette Kyed Thorson** org.nr. 987 788 682, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering arkitektonisk utforming.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Arve Øystein Mjøs** org.nr. 969 914 506, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering graving, sprenging og planering.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **AS Haugland VVS** org.nr. 987 788 682, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering tilkopling til vatn og etablering av privat reinseanlegg.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Arve Øystein Mjøs** org.nr. 969 914 506), har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring graving, sprenging og planering.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Føretaket **AS Haugland VVS** org.nr. 987 788 682, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring tilkopling til vatn og etablering av privat reinseanlegg.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.07.14 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for etablering av reinseanlegg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at tiltaket vert oppført i tråd føresegner gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf.. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK L/S * FUNKSJON TILT.KL. ANSVARSOMRÅDE

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Arkitekt Mette Kyed Thorson org.nr. 987 788 682	L	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Arkitekt Mette Kyed Thorson org.nr. 987 788 682	L	PRO	1	Prosjektering arkitektonisk utforming.
Arve Øystein Mjøs org.nr. 969 914 506	L	PRO	1	Prosjektering graving, sprenging og planering.

AS Haugland VVS org.nr. 987 788 682	S	PRO	1	Prosjektering tilkopling til vatn og etablering av privat reinseanlegg.
Arve Øystein Mjøs org.nr. 969 914 506	L	PRO	1	Utføring graving, sprenging og planering.
AS Haugland VVS org.nr. 987 788 682	S	PRO	1	Utføring tilkopling til vatn og etablering av privat reinseanlegg.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr	2 600
Kode 12.1.1	Lokal godkjenning av ansvarsrett kr. 770 x 2	kr	<u>1 540</u>

Totalsum kr **4 140**

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/2196

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arne Solhaug

St. Olavsgate 42 3112

TØNSBERG